

Retningslinjer til prisen for Årets Hordalending 2015

1. Bakgrunn for prisen

Hordaland fylkeskommune vil løfte fram dei som gjer ein ekstraordinær innsats for fylket som heilskap. Det fins allereie ei rekkje prisar for enkeltprestasjonar innan miljø, idrett, forskning og kultur. Denne prisen vil vere ein sektor-overgripande pris som femnar alle område av samfunnet.

Prisen som Årets hordalending skal løfte fram ekstraordinære prestasjonar, handlingar og engasjement hos personar, lag, foreiningar eller verksemder med tilknytning til Hordaland.

2. Kven kan foreslå kandidatar

- Medlemene i fylkestinget
- Kommunestyre og statlege etatar i Hordaland
- Nærings- og arbeidslivet sine organisasjonar
- Registrerte interesseorganisasjonar
- Utdanningsinstitusjonar
- Regionråda i Hordaland
- Juryen

3. Krav til kandidatar

- Må ha utmerka seg lokalt, nasjonalt eller internasjonalt
- Ha sett Hordaland på kartet
- Vere frå Hordaland eller bu i fylket
- Kan representere alle område av samfunnet
- Ein person kan berre bli Årets Hordalending ein gong

4. Søknadsfrist

1.november 2015.

5. Premie

Kr. 50.000,- samt diplom.

6. Juryens samansetning

Det er oppnemd ein jury som vurderer dei inkomne forslaga og kårar vinnaren.

Juryen består av:

Anne Gine Hestetun

Tom-Christer Nilsen

Natalie Golis

Benthe Bondhus

Pål Kårbø

7. Konfidensiell handsaming av inkomne forslag

Alle inkomne forslag vil bli unnateke offentlegheit.

8. Utdeling av prisen

Diplom vil bli delt ut under Nyttårsmøtet 4. januar 2016.

9. Utbetaling av pris

Prisen vert finansiert frå Fylkesutvalet sin tilleggslyvingskonto og prisen vert utbetalt kort tid etter Nyttårsmøtet er ferdig.